



Arkivnr: 2015/3575-1
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.04.2015

Kunstnarutveksling mellom Hordaland og Nedre Normandie

Samandrag

Med bakgrunn i samarbeidsavtalen mellom Hordaland og Nedre Normandie, vert no ei gjestekunstnarordning retta mot kunstnarar som nyleg er uteksaminerte frå kunsthøgskulane i regionane konkretisert og formalisert gjennom ein fireårig avtale. Partar i samarbeidet er Hordaland fylkeskommune, La Région Basse Normandie, L'ésam – Ecole Supérieure d'Arts & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.

Ordninga inneber at ein nyutdanna kunstnar frå kvar av region får eit tre månader langt gjestekunstnaropphald i den andre regionen; det eine året er ein mottakar og det andre året sender ein ut. I 2014 var Amber Ablett på opphald i Nedre Normandie, og tidlegare har Alexis Debeuf vore i Hordaland på tilsvarande opphald. Samarbeidet har vore svært vellukka.

Avtalen legg eit godt grunnlag for vidare utvikling av kunstnarutvekslinga mellom regionane. At dei to kunsthøgskulane også er involverte, er med på å kvalitetssikre opplegget og bidra til meir generell kontakt mellom dei to institusjonane.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet rår til at framlagt avtale vert inngått mellom Hordaland fylkeskommune, La Région Basse Normandie, L'ésam – Ecole Supérieure d'Arts & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.03.2015Bakgrunn

Med bakgrunn i samarbeidsavtalen mellom Nedre Normandie og Hordaland, har La Région Basse Normandie og Hordaland fylkeskommune, saman med kunsthøgskulane i dei to regionane, inngått samarbeid om utveksling av nyutdanna kunstnarar.

Ordninga inneber at ein nyutdanna kunstnar frå kvar av regionane får eit tre månaders gjestekunstnaropphald i den andre regionen; det eine året er ein mottakar og det andre året sender ein ut. I 2014 var Amber Ablett på opphald i Nedre Normandie, og tidlegare har Alexis Debeuf vore i Hordaland på tilsvarende opphald. Samarbeidet har vore svært vellukka, og vert no konkretisert og formalisert gjennom ein fireårig avtale.

Økonomi

Utgiftene til denne utvekslinga skal dekkast innfor ramma av budsjettposten som er sett av til oppfølging av samarbeidsavtalen med Nedre Normandie.

Det vert innanfor dette sett av midlar til eit tremånaders stipend på omlag 30 000 kroner annan kvart år, pluss reiseutgifter. Det året Hordaland er mottakar av ein kunstnar frå Nedre Normandie, er ein forplikta til å sørge for og dekke evt. utgifter til husvære og arbeidsplass. Det er avtalt med Hordaland kunstsenter at dei skal legge til rette for at bustaden i Nordnesveien 43 vert reservert til dette føremålet i tre månader annankvart år.

Det kan evt. kome til nokre utgifter på til saman omlag 10 000 kroner til leige av arbeidsstad i kunstnarverksstadskollektiv, dersom det skulle vere hensiktsmessig.

Driftsmodell, retningslinjer for disponering og utlysning

Gjestekunstnarordninga er retta mot kunstnarar som nyleg er uteksaminerte frå henholdsvis L'ésam – Ecole Supérieure d'Arts & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen. Annankvart år vil ein ung kunstnar frå Frankrike ha opphald i Noreg, og annankvart år drar ein kunstnar frå Noreg til Frankrike. Varigheten av kvart residency er tre månader. Det vert lyst ut til alle som har gått ut frå masterstudier på dei to kunstskulane dei tre siste åra. Utvelginga vert gjort av ein komité sett saman av representantar frå alle dei ulike partnarane, etter kriterier som er omtala i avtalen.

Vurdering

Fylkesrådmannen ser dette samarbeidet som viktig. Avtalen legg eit godt grunnlag for vidare utvikling av kunstnarutvekslinga mellom regionane. At dei to kunsthøgskulane også er involverte, er med på å kvalitetssikre opplegget og bidra til meir generell kontakt mellom dei to institusjonane.